



Kvartalsrapport

4. kvartal 2025 (ikkje revidert)

SpareBank
SOGN OG FJORDANE



Innhold

- 3 Hovudtal konsern
- 4 Kvartalsrapport 31.12.2025
- 10 Resultatrekneskap konsern
- 11 Balanse konsern
- 12 Kontantstrømoppstilling konsern
- 13 Eigenkapitaloppstilling, konsern
- 15 Notar
- 33 Erklæring frå styret og adm. direktør
- 34 Resultatrekneskap morbank
- 35 Balanse morbank
- 36 Resultatrekneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
- 37 Kvartalsvis resultatutvikling konsern
- 38 Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
- 39 Uttale om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskapen
- 40 Kontaktinfo SSF

BILETE PÅ FRAMSIDA: SpareBank 1 Sogn og Fjordane
GRAFISK UTFORMING: SpareBank 1 Sogn og Fjordane · E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KRONER

RESULTATREKNESKAP	31.12.25	31.12.24
Netto renteinntekter	1 532	1 586
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument og resultat frå FKV	137	259
Andre driftsinntekter	221	165
Driftskostnader	711	744
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	1 180	1 266
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	1 042	1 007
Nedskrivning på utlån og garantiar	64	19
Resultat før skatt	1 116	1 246
Skatt	229	255
Resultat etter skatt	886	992
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0
Totalresultat	886	992
BALANSE		
Eigedelar		
Brutto utlån til og krav på kundar	61 305	64 693
Brutto utlån og krav på kundar inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt AS	71 293	67 153
Nedskrivning på utlån	- 486	- 281
Verdipapirplasseringar (aksjar, FKV, sertifikat og obligasjonar)	11 552	11 372
Gjeld og eigenkapital		
Innskot frå og gjeld til kundar	40 628	38 597
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	23 319	28 696
Eigenkapital	7 815	7 628
Forvaltningskapital	73 814	77 077
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	74 745	75 524
NØKKELTAL		
Lønsemd		
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	2,05 %	2,10 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,30 %	0,22 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,95 %	0,99 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,58 %	1,68 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,49 %	1,65 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,19 %	1,31 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,19 %	1,31 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	40,56 %	42,49 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	37,61 %	37,02 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,10 %	0,03 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	15,16 %	17,48 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt	11,91 %	13,80 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat	11,91 %	13,80 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	38,5	43,4
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	30,0	20,0
Soliditet og likviditet		
Kapitaldekningsprosent	21,85 %	20,63 %
Kjernekapitalprosent	19,50 %	18,47 %
Rein kjernekapitalprosent	17,80 %	17,12 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,44 %	8,38 %
LCR (Likviditetsindikator)	173 %	169 %
NSFR konsern	127 %	124 %
NSFR morbank	128 %	135 %
MREL totalt	38 %	41 %
MREL etterstilt	31 %	31 %
Balanseutvikling		
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	- 4,23 %	4,79 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	- 5,24 %	0,63 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt	6,17 %	4,46 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	5,26 %	7,83 %
Innskot i % av brutto utlån konsern	66,27 %	59,66 %
Innskot i % av brutto utlån morbank	96,56 %	100,31 %
Tilsette		
Årsverk	302	302

Kvartalsrapport 31.12.2025

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for same periode i 2024.

Hovudlinjer 4. kvartal 2025 isolert

- Netto renteinntekter 372 mill. kr (401 mill. kr)
- Andre driftsinntekter ekskl. resultat finans, 68 mill. kr (38 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 20 mill. kr (-15 mill. kr)
- Driftskostnader 202 mill. kr (247 mill. kr)
- Tap på utlån og garantiar 20 mill. kr (16 mill. kr)
- Resultat før skatt 237 mill. kr (161 mill. kr)
- Resultat etter skatt 195 mill. kr (107 mill. kr)
- Resultat etter skatt pr. EK-bevis 8,4 kr (4,7 kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 10,3 % (5,4 %)

Hovudlinjer hittil i 2025


- Netto renteinntekter 1.532 mill. kr (1.586 mill. kr)
- Andre driftsinntekter ekskl. resultat finans, 221 mill. kr (165 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 137 mill. kr (259 mill. kr)
- Driftskostnader 711 mill. kr (744 mill. kr)
- Tap på utlån 64 mill. kr (19 mill. kr)
- Resultat før skatt 1.116 mill. kr (1.246 mill. kr)
- Resultat etter skatt 886 mill. kr (992 mill. kr)
- Resultat pr. EK-bevis 38,5 (43,4)
- Eigenkapitalavkastning 11,9 % (13,8 %)
- Kapitaldekningsprosent 21,9 % (20,6 %)
- Foreslått utbytte 30 kr pr. EK-bevis

Resultat 4. kvartal isolert


Resultatet før skatt er på 237 mill. kr for 4. kvartal, mot 161 mill. kr for same kvartal i 2024. Resultatoppgangen frå 4. kvartal 2024 skuldast primært lågare kostnader, eit godt resultat frå finansielle instrument og fin vekst i andre driftsinntekter ekskl. resultat frå finanspostane. Samtidig er det ein reduksjon i netto renteinntekter og ein liten auke i tap på utlån.

Resultatet etter skatt for 4. kvartal er på 195 mill. kr, mot 107 mill. kr for same kvartal i 2024. Resultatet for 4. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 10,3 %, mot 5,4 % for same kvartal i 2024.

Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:



EK-avkastning etter skatt kvartalsvis:




Netto renteinntekter 4. kvartal isolert

Netto renteinntekter er på 372 mill. kr og er 29 mill. kr, eller 7,2 %, lågare enn for same kvartal i 2024.

Banken starta i desember 2024 med å overføre utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS og pr. 31.12.25 er det overført 10 mrd. kr i utlån. Inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS, er utlansveksten på 6,2 %, medan det er ein reduksjon på 5,2 %, når vi tar omsyn til utlån som er overført SpareBank 1 Boligkreditt AS. Innskotta har samtidig auka med 5,0 % dei siste 12 månadene. Ein kombinasjon av reduksjon i utlån og lågare kundemargin gjer at netto renteinntekter er redusert i forhold til 2024. Samtidig er fundingkostnadene for verdipapirgjelda lågare enn for 4. kvartal 2024 og dette har påverka rentenettoen positivt isolert sett.


Dei siste generelle renteendringane for utlån og innskot til kundar vart gjennomført i 4. kvartal 2025 og det er så langt ikkje varsla fleire renteendringar.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 4. kvartal 2025 er rentenettoen på 1,98 %, og dette er 0,09 prosentpoeng lågare enn for 4. kvartal 2024. Nedgangen skuldast i hovudsak lågare kundemargin.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital:




Netto andre driftsinntekter 4. kvartal isolert

Netto andre driftsinntekter for 4. kvartal 2025 er på 88 mill. kr, mot 23 mill. kr i 4. kvartal 2024.

Auken skuldast eit godt resultatet frå finansielle instrument, med 20 mill. kr for 4. kvartal 2025, mot eit negativt resultat på 15 mill. kr, for same kvartal året før. For 4. kvartal 2025 er det eit godt resultat frå aksjar/ eigarinteresser med 32 mill. kr og samtidig eit negativt resultat frå rentepostane med 16 mill. kr. For 4. kvartal 2024 var det eit positivt resultat frå aksjar/ eigarinteresser på 8 mill. kr og eit negativt resultat frå rentepostane med 27 mill. kr.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle instrument, er på 68 mill. kr og er 30 mill. kr høgare enn for 4. kvartal 2024. Auken skuldast primært provisjonsinntekter frå bustadlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS, høgare netto inntekter frå betalingsformidling, eigeidomsmeikling og forsikring.


Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:



Driftskostnader 4. kvartal isolert


Driftskostnadene for 4. kvartal 2025 er på 202 mill. kr og er 44 mill. kr, eller 18 % lågare enn for same kvartal i 2024. Reduksjonen skuldast at kostnadene for 2024 var påverka av prosjektkostnader relatert til konvertering til SpareBank 1-alliansen. Kostnadene er høgare enn for 3. kvartal i 2025 og det skuldast mellom anna avsetning til sluttvederlag til tilsette og eingongskostnader relatert til IT og marknadsføring.

Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnadene for 4. kvartal 2025 utgjør 1,08 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,28 %, for same kvartal året før.

Graf kostnadsprosent inkludert resultat frå finansielle instrument kvartalsvis:



Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er på 44,1 mot 58,2 for 4. kvartal 2024.

Graf kostnadsprosent ekskl. resultat frå finansielle instrument kvartalsvis:




Kostnadsprosenten, ekskl. resultatet frå finansielle instrument, er på 46,0 mot 56,2 for 4. kvartal 2024.

Kostnadsprosenten for 4. kvartal er påverka av eingongskostnader.

Nedskrivningar 4. kvartal isolert

Netto tap på utlån og garantiar er på 20 mill. kr i 4. kvartal 2025, mot 16 mill. kr for same kvartal i 2024. Netto tap på individuelt vurderte engasjement er på 5 mill. kr og dei modellbaserte tapsavsetningane er auka med 15 mill. kr i kvartalet.

Graf resultatført nedskrivning i mill. kr kvartalsvis:



Netto renteinntekter hittil i år

Netto renteinntekter er på 1.532 mill. kr og er redusert med 54 mill. kr, eller 3,4 %, frå 2024. Reduksjonen skuldast overføring av utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS og lågare kundemargin. Det er overført 10 mrd. kr i utlån pr. 31.12.25 og brutto utlån i eigen balanse er følgjeleg redusert med 3,4 mrd, eller 5,2 % det siste året. Samtidig har det vore god vekst i innskota med 5,3 %. På grunn av overføring av utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS og god innskotsvekst er verdipapirgjelda redusert med 5,4 mrd, kr eller 19 %, og dette har påverka rentenettoen positivt isolert sett.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 2,05 %, mot 2,10 % for 2024. Nedgangen skuldast primært lågare kundemargin for innskot og utlån.

Netto andre driftsinntekter hittil i år

Netto andre driftsinntekter er på 359 mill. kr, mot 424 mill. kr for 2024.

Reduksjonen i netto andre driftsinntekter skuldast lågare resultat frå finansielle instrument, som er på 137 mill. kr, mot 259 mill. kr for 2024. Resultatet i 2024 var særskilt godt, i hovudsak forklart av salet av eigarposten i Frende Holding. Av resultatet hittil i år, kjem 141 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar og eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder, mot 253 mill. kr, for 2024. Det er spesielt resultatet frå SpareBank 1 Gruppen (indirekte eigd gjennom Samarbeidende Sparebanker AS) som bidrar til resultatet for 2025. Resultatet frå andre finansielle instrument, som rentepostar og valuta, er samtidig negativt med 21 mill. kr, mot 10 mill. kr i negativt resultat i 2024. For nærare forklaring sjå note 3.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter (ekskl. resultat frå finansielle instrument) er på 221 mill. kr og har auka med 57 mill. kr, eller 34 %, frå 2024. Auken skuldast i hovudsak provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS med 28 mill. kr og må sjåast i samanheng med reduksjonen i netto renteinntekter. Det er også fin utvikling i netto inntekter frå betalingsformidling, eigedomsmeikling og forsikring.

Driftskostnader hittil i år

Driftskostnadene er på 711 mill. kr og er redusert med 33 mill. kr, eller 4,4 %, i forhold til 2024.

Kostnadene var spesielt høge i 2024 pga. overgang og tilpassing til 1-alliansen.

Personalkostnadene har auka i forhold til 2024 og det skuldast avsetning til sluttvederlag til tilsette. Banken varsla i 3. kvartal 2025 ei nedbemanning med ambisjon om å redusere bemanninga i stab og støtte med minst 20 årsverk. Prosessen er gjennomført i 4. kvartal og banken har sett av 10 mill. kr for inngåtte avtalar om sluttvederlag pr. 31.12.25. Banken har mål om å bemanne ned ytterlegare i stab og støtte i løpet av 2026 og 2027.

Driftskostnadene utgjer 0,95 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,99 % for 2024.

Inkludert resultatet frå finansielle instrument er kostnadsprosenten 37,6, mot 37,0 for 2024.

Eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, er kostnadsprosenten 40,6, mot 42,5 for same periode i 2024. Målsettinga er å ha ein kostnadsprosent over tid som er under 40.

Kostnadene for 2025 er påverka av eingongskostnader, som avsetning til sluttvederlag, eingongs-/prosjekt-kostnader til 1-alliansen og kostnader for midlertidige lokale. Justert for avsetning til sluttvederlag gjort i 4. kvartal ville kostnadsprosenten vore på 40,0 og justert for andre eingongskostnader er kostnadsprosenten godt under 40.

Nedskrivning på utlån og garantiar hittil i år

Det er hittil i år ført eit netto tap på utlån og garantiar med 64 mill. kr, mot 19 mill. kr for 2024. Nedskrivningane hittil i år utgjer 0,10 % av brutto utlån.

Banken tok i 1. kvartal 2025 i bruk SpareBank 1-alliansen sine risikomodellar og modell for tapsavsetning. Dette medførte litt endring i nedskrivning for ulike kundar og bransjar, men den samla resultateffekten er relativt liten. Endringa medførte ein netto auke i tapsavsetningane på 13 mill. kr isolert sett, som er inkludert i netto tapskostnadar hittil i år.

Samla balanseførte nedskrivningar på utlån, garantiar og unytta kredittar, eksklusiv verdijustering på fastrente-utlån, er på 374 mill. kr, mot 329 mill. kr pr. 31.12.24. Dvs. ein auke på 45 mill. kr. Av nedskrivningane pr. 31.12.25, er 355 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjer 0,58 % av brutto utlån, mot 281 mill. kr og 0,43 % eitt år tidlegare. For nærare forklaring sjå note 5 og 6.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 73,8 mrd. kr pr. 31.12.25. Forvaltningskapitalen er redusert med 3,3 mrd. kr, eller 4,2 %, dei siste 12 månadene. Reduksjonen skuldast primært overføring av utlån til SpareBank 1 alliansen. Samtidig er det ein auke i investeringar i aksjar og felleskontrollerte verksemder i SpareBank 1-alliansen.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 61,3 mrd. kr. Det er ein reduksjon i utlåna det siste året med 3,4 mrd. kr, eller 5,2 %. Bakgrunnen for dette er overføring av 10 mrd i utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Inkludert utlån overført er utlåna på 71,3 mrd kr og det er ein utlånsvekst på 6,2 %.

Graf brutto utlån i mrd. kr totalt og fordelt på sektorar inkl. utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS:




Inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS har det dei siste 12 månadene vore ein vekst i utlån til privatmarknaden (PM) med 6,0 % og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentlig og finansiell sektor) har auka med 6,8 %.

Innskot

Innskot frå kundar er på 40,6 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadane er på 2,0 mrd. kr, eller 5,3 %.

Graf innskot i mrd. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå PM auka med 5,5 % og innskot frå BM (inkl. offentlig og finansiell sektor) med 4,9 %.

Innskotsdekninga for konsernet har auka som konsekvens av god vekst i innskota og overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Innskotsdekninga pr. 31.12.25 er på 66,3 %, mot 59,7 % pr. 31.12.24.

Kredittrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 370 mill. kr mot 223 mill. kr pr. 31.12.24. Auken i misleghaldet skuldast nokre få engasjement og det er gjort tapsavsetning på desse engasjementa.

Aktivitet og kredittvekst på privatmarknaden er god og banken kan vise til ein kredittvekst utover marknadsveksten. Samstundes er betalingsmisleghaldet fallande siste halvdel av 2025. Dei fleste personkundane har god kontroll på eigen økonomi. Nær alt av utlån mot privatmarknaden er sikra med pant i bustad, og banken sin kredittrisiko overfor privatmarknaden er vurdert som låg.

Også på bedriftsmarknaden er aktiviteten stigande, sjølv om enkeltbedrifter har utfordringar. Vi ser også at låg etterspurnad og få prosjekt i arbeid gir utfordringar for bygg- og anleggsbransjen. Banken følgjer næringslivet i Sogn og Fjordane tett, og det er vår vurdering at bedriftene i regionen samla sett har tilfredsstillande drift. Kredittrisikoen på bedriftsmarknaden vert vurdert som moderat.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av brutto utlån, utgjør 28,2 % pr. 31.12.25, mot 25,1 % pr. 31.12.24. Andelen til BM har auka som konsekvens av overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven er på 10,0 mrd. kr pr. 31.12.25. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 173 %, mot 169 % pr. 31.12.24.

Banken nyttar bustadlån som grunnlag for å legge ut obligasjonar med førerrett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkreditselskapet har pr. 31.12.25 OMF-innlån pålydande 16,4 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkreditselskapet har ein samla sikringsmasse på 18,7 mrd. kr. Det er pr. 31.12.25 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 2,4 mrd. kr.

Banken har også høve til å finansiere seg gjennom sal av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Pr. 31.12.25 har banken overført bustadlån tilsvarande 10,0 mrd.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.12.25 samla utlån på 20,7 mrd. kr. Utlåna er redusert med 26,5 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 1,4 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 238 mill. kr, mot 256 mill. kr for same periode i 2024.

Morbanken kjem til å overføre bustadlån til både SpareBank 1 Boligkreditt AS og til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS framover.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 8,1 mill. kr for 2025, mot eit negativt resultat på 2,9 mill. kr for året før. Resultatet for 2024 var påverka av kostnader relatert til ombygging av bankbygget i Førde. Banken flytta tilbake til det ombygde bankbygget i 3. kvartal 2025 og leigeinntektene for 2025 er følgeleg auka samanlikna med 2024.

Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane AS

Selskapet er 100 % eigd av banken. Aktiviteten i selskapet har vore god i 2025. Resultatet før skatt er på 3,0 mkr for 2025, mot eit negativ resultat på 1,2 mkr året før.

Soliditet og avkastning

Eigenkapitalen til konsernet pr. 31.12.25 er på 7,8 mrd. kr og har auka med 186 mill. kr, eller 2,4 %, samanlikna med tala pr. 31.12.24. Endringa det siste året kjem frå resultatet for perioden, med frådrag av utbytte og gåver, og ein auke i hybridkapitalen med 100 mill. kr.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 31.12.25 på 21,9 %, mot 20,6 % pr. 31.12.24. Rein kjernekapitaldekning er på 17,8 %, mot 17,1 % pr. 31.12.24.


Banken sitt gjeldande Pilar 2-krav er på 1,8 %. Minst 1,0 %-poeng av dette må vere rein kjernekapital, resten av kravet kan dekkast med hybridkapital og tilleggs-kapital. Det samla kravet til rein kjernekapital er på 15,0 %. I tillegg forventar Finanstilsynet ein kapitalkravsmargin på minst 1,0 %, slik at banken må ha minst 16,0 % av berekningsgrunnlaget i rein kjernekapital. Banken si eiga målsetjing er å ha rein kjernekapitaldekning på over 16,5 %, og å kunne dele ut minst 50 % av årsoverskotet som utbytte og gåver.

CRR3 vart innført frå 2. kvartal 2025 og dette medførte at kapitaldekninga auka med om lag 2 prosentpoeng. I etterkant av innføringa betalte banken ut eit tilleggsutbytte, som saman med vekst og endringar i balansen elles, er med og forklarar endringa i kapitaldekninga frå 31.12.24 til 31.12.25.

Resultatet etter skatt for 2025 er på 886 mill. kr, mot 992 mill. kr for 2024. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 11,9 %, mot 13,8 % for 2024. Målsettinga er å ha ei eigenkapitalavkastning over tid som er over 11 %. Styret er nøgd med resultatet og eigenkapitalavkastninga.

Styret foreslår å dele ut eit utbytte på 30 kr pr. EK-bevis, eller totalt kr 584 mill. kr. Dette svarar til ein utbyttegrad på 90,2 %. I tillegg er det foreslått å sette av 20 mill. kr til gåver.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år:



Rating

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har pr. 31.12.25 langsiktig rating A1 frå Moody's. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har langsiktig utstederrating A1. Moody's gav i mai 2025 SpareBank 1 Sogn og Fjordane og Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS sin langsiktige utstederrating og SpareBank 1 Sogn og fjordane sin langsiktige innskotsrating «negative outlook». Bakgrunnen for «negative outlook» er at banken vil redusere utstedt volum av gjeld som kvalifiserer som etterstilt gjeld, etter MREL-regelverket. Innføring av CRR3 og overføring av lån til SpareBank 1 Boligkreditt gjer at banken har fått reduserte risikovekter og lågare behov for å utstede gjeld som kvalifiserer som etterstilt gjeld (MREL), relativt til total balanse. Moody's forventar at subordinert gjeld ikkje vil vere tilstrekkeleg til å oppnå ei rating som er tre trinn over banken sin "Baseline credit assessment" (BCA), slik som ratinga er idag. Moody's stadfestar samtidig at banken sin BCA vil vere uendra på baa1 og at banken og bustadkredittselskapet sine langsiktige og kortsiktige «Counterparty Risk Assessments» og «Counterparty Risk Ratings» forblir uendra på A1/P-1. Også den kortsiktige innskotsratinga på P-1 blir stadfesta uendra.

Banksamarbeid

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har eit strategisk banksamarbeid med SpareBank 1-alliansen og det er i 2024 og 2025 kjøpt aksjar og andelar i dei felleskontrollerte selskapa SpareBank 1 SamSpar AS, Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA og Samarbeidende Sparebanker AS. Vidare er det kjøpt aksjar i ulike produktselskap i SpareBank 1-alliansen. Bankan eig mellom anna over 21 % i Samarbeidende Sparebanker AS. Dette betyr at banken indirekte eig 4,1 % av SpareBank 1-gruppen. Samla investering pr. 31.12.25 i ulike selskap i SpareBank 1-alliansen er på 1,9 mrd. kr. Investeringane har gitt styrka inntektsgrunnlag, gjennom betre og breiare produkt- og tenestetilbod, og betre lønsemd for banken. Samarbeidet med SpareBank 1-alliansen er positivt for kundar, eigarar, tilsette og regionen Sogn og Fjordane.

Oppsummering og utsikter framover

Resultatet etter skatt for 4. kvartal 2025 er på 195 mill. kr, noko som gir ein eigenkapitalavkastning på 10,3 %, mot 107 mill. kr og 5,4 % eigenkapitalavkastning for 4. kvartal året før.

Netto renteinntekter er redusert med 7,2 % pga. overføring av utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Samtidig er det fin utvikling i netto provisjonsinntekter og driftskostnadene er redusert med 18 % samanlikna med same kvartal i 2024. Driftskostnaden for 4. kvartal året før var spesielt høge pga. kostnader for overgang til 1-alliansen. Nedskrivning på utlån er litt høgare enn for same kvartal i 2024.

Resultatet etter skatt hittil i år er på 886 mill. kr, mot 992 mill. kr for same periode i 2024. Nedgangen skuldast primært lågare resultat frå finansielle instrument. Det var eit spesielt godt resultat frå aksjar og eigarinteresser i felleskontrollerte selskap i 1-alliansen i 2024. Det er også nedgang i netto renteinntekter og auka tapskostnader. Nedgangen i netto renteinntekter skuldast overføring av utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS og dette har samtidig gitt ein fin vekst i netto provisjonsinntekter. Driftskostnadene er redusert frå 2024 med 4,4 %. Eigenkapitalavkastninga for 2025 er på 11,9 %, mot 13,8 % for 2024. Eigenkapitalavkastning for året under eitt er over målalet på 11,0 %.

Inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS har det har vore fin utvikling i utlåna det siste året med ein vekst på 6,0 % til personmarknaden og 6,8 % til bedriftsmarknaden.

Kostnadsprosenten, eksklusiv inntekter frå finansielle instrument er på 40,6, mot 42,5 året før. Målsettinga er å ha ein kostnadsprosent som er under 40 %. Det er i 2025 utgiftsført ein del spesielle eingongskostnader og justert for dette er kostnadsprosenten under 40. Banken jobbar aktivt for å oppretthalde ei kostnadseffektiv drift og har i 2025 gjennomført eit kostnadsprogram for å ta ut kortsiktige og langsiktige kostnadseffektar etter overgang til 1-alliansen. Banken varsla i 4. kvartal at banken ville gjennomføre ei omorganisering og nedbemanning på minst 20 årsverk i stab og støttemiljø, ved å tilby tilsette frivillige sluttavtalar. Banken er godt i rute med denne prosessen og det er pr. 31.12.25 sett av 10 mill. kr til avtalte sluttvederlag til tilsette.

Kapitaldekninga pr. 31.12.25 er på 21,9 % og rein kjernekapitaldekning er på 17,8 %. Banken rapporterer etter nye kapitaldekningsreglar CRR3, som vart innført frå 2. kvartal 2025, og dette har medført at kapitaldekninga har auka med om lag 2 prosentpoeng.

Banken har god kapitaldekning og ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane. Det er også god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane samarbeider strategisk med SpareBank 1-alliansen, og banken har i 2024 og 2025 gjort store investeringar i selskap i 1-alliansen. Teknisk konvertering til 1-alliansen vart gjennomført i november 2024. Samarbeidet er ei viktig strategisk satsing for banken, som har styrka inntektsgrunnlaget. Satsinga er med og sikrar kostnadseffektiv drift og god lønsemd framover.

Styret er nøgd med resultatet og utviklinga, og meiner at banken har eit godt grunnlag for vidare vekst og verdiskaping framover.

Førde, 13.02.2026

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Silje Skaar Sunde

Johnny Haugsbakk

Vegard Strand

Kristian Skibenes

Stine Solheimsnes Sunde

Ole-Hermann Rognsøy

Trond Teigene
adm. direktør

Resultatrekneskap konsern

TAL I MILL. KRONER	Note	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024	2025	2024
Renteinntekter effektiv rentemetode		773	920	3 294	3 748
Andre renteinntekter		249	242	1 021	832
Rentekostnader		650	762	2 782	2 994
Netto renteinntekter		372	401	1 532	1 586
Provisjonsinntekter		53	41	195	171
Provisjonskostnader		3	11	21	39
Netto vinst på finansielle instrument		- 4	- 21	51	187
Netto resultat frå felleskontrollert verksemd		24	6	86	72
Andre inntekter		17	8	47	33
Netto andre driftsinntekter	3	88	23	359	424
Sum inntekter		459	424	1 891	2 010
Lønn og andre personalkostnader		104	109	354	345
Andre kostnader		92	129	336	373
Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		6	9	21	27
Sum driftskostnader		202	247	711	744
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar		257	177	1 180	1 266
Nedskrivning på utlån og garantiar	4	20	16	64	19
Resultat før skatt		237	161	1 116	1 246
Skattekostnad		42	54	229	255
Resultat for perioden		195	107	886	992
UTVIDA RESULTATREKNESKAP					
Resultat for perioden		195	107	886	992
Andre innrekna inntekter og kostnader					
Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt					
Estimatavvik pensjon		0	0	0	0
Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0	0	0
Totalresultat		195	107	886	992
Totalresultat pr. egenkapitalbevis (vekta) i heile kr		8,39	4,71	38,49	43,43

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

	Note	31.12.25	31.12.24
EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar		542	12
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	13	0	411
Utlån til kundar	4-7, 13	60 819	64 412
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi		9 497	10 001
Finansielle derivat		289	417
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		946	483
Investering i tilknyttta selskap og felleskontrollert verksemd		1 109	889
Immaterielle egedelar og goodwill		5	7
Varige driftsmidler		227	131
Utsett skattefordel		25	24
Andre egedelar		355	289
Sum egedelar		73 814	77 077
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	502	502
Innskot frå og gjeld til kundar	8, 13	40 628	38 597
Verdipapirgjeld	9, 13	22 817	28 193
Finansielle derivat		682	789
Betalbar skatt		232	262
Anna gjeld og avsetningar		286	302
Ansvarleg lånekapital		853	803
Sum gjeld		65 999	69 448
Eigarandelskapital	12	5 037	5 247
Grunnfondskapital		1 048	950
Annan eigenkapital		525	523
Hybridkapital		600	500
Foreslått avsett til utbytte og gåver		604	408
Sum eigenkapital		7 815	7 628
Sum gjeld og eigenkapital		73 814	77 077

Førde, 13.02.2026

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Silje Skaar Sunde

Johnny Haugsbakk

Vegard Strand

Kristian Skibenes

Stine Solheimsnes Sunde

Ole-Hermann Rognsøy

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstrømoppstilling konsern

	31.12.25	31.12.24
Resultat før skatt	1 089	1 246
Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	2 033	2 793
Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	3 572	- 490
Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	520	- 2 364
Av- og nedskrivning	21	27
Nedskrivning på utlån og garantiar	64	19
Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar	0	0
Betalt skatt	- 262	- 257
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 48	- 193
Justering for andre postar	- 98	- 13
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	6 892	768
Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	- 598	- 629
Investering i varige driftsmidlar, immaterielle egedelar og goodwill	- 117	- 56
Sal av varige driftsmidlar	0	0
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 715	- 685
Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	0	0
Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	- 5 450	366
Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	49	98
Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital	13	- 10
Auke i hybridkapital	100	50
Utbytte og gåveutbetalingar	- 771	- 715
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	- 6 058	- 212
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	119	- 129
Likviditetsbeholdning inngående beholdning	424	552
Likviditetsbeholdning utgåande beholdning	542	424
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning		
Kontantar og kontantekvivalentar	542	12
Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar	0	411
Sum	542	424

Eigenkapitaloppstilling konsern

	EIGARANDELSKAPITAL				GRUNNFONDS- KAPITAL			ANNAN EIGENKAPITAL Fond			Sum
	Eigen- kapital- bevis	Ut- jamn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Gåve- fond	Hybrid- kapital	for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	
Balanse 31.12.23	1 948	2 982	- 3	16	798	0	450	476	142	507	7 316
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	- 194	0	0	0	0	0	0	0	- 507	- 701
Overføring til/frå gåvefondet	0	0	0	0	0	19	0	0	0	0	19
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	50	0	0	0	50
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	0	- 37	0	0	0	- 37
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 10	0	0	0	0	0	0	0	- 10
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	508	0	0	133	0	37	- 153	59	408	992
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.24	1 948	3 296	- 13	16	931	19	500	322	201	408	7 628
Balanse 31.12.24	1 948	3 296	- 13	16	931	19	500	322	201	408	7 628
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	- 350	0	0	0	0	0	0	0	- 408	- 759
Overføring til/frå gåvefondet	0	0	0	0	0	- 11	0	0	0	0	- 11
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	100	0	0	0	100
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	0	- 43	0	0	0	- 43
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	13	0	0	0	0	0	0	0	13
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	128	0	0	110	0	43	17	- 15	604	886
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.25	1 948	3 073	0	16	1 040	8	600	339	186	604	7 815

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda

Eigarandelskapital

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbevisegarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst

Fond for urealisert vinst elles består av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapan

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapan for SpareBank 1 Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapan er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2024, for SpareBank 1 Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNEKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 4. kvartal 2025, som har fått effekt for rekneskapan til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

ENDRING I KLASSIFISERING

Dersom postar i rekneskapan vert reklassifiserte, skal samanlikningstal utarbeidast, for tidlegare periodar og visast i rekneskapsoppstillinga.

I oppstillinga for resultat er renteinntektene splitta på renteinntekter til effektiv rente metode og andre renteinntekter i tråd med IAS:82 (a). Vidare er resultat frå felleskontrollert verksemd skilt ut på ei eiga rad, medan dei tidlegare inngjekk på rada for netto vinst på finansielle instrument.

I kontantstraumsoppstillinga er endring i plassering i sertifikat/obligasjonar flytta frå investeringsaktivitet til operasjonell driftsaktivitet.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.25								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	1 532	0	608	919	- 2	1	3	4
Netto andre driftsinntekter	359	132	58	131	4	46	9	- 21
Sum driftsinntekter	1 891	132	666	1 049	2	46	12	- 17
Driftskostnader	711	19	215	426	18	43	4	- 14
Resultat før nedskrivning på utlån	1 180	113	451	623	- 16	3	8	- 3
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	64	0	91	- 27	0	0	0	0
Resultat før skatt	1 116	113	360	650	- 16	3	8	- 3
BALANSE 31.12.25								
Netto utlån til og krav på kundar	60 819	0	16 727	44 092	0	0	0	0
Andre egedelar	12 995	12 227	3 169	1 680	0	28	212	- 4 235
Sum egedelar	73 814	12 227	19 896	45 772	0	28	212	- 4 235
Innskot frå og gjeld til kundar	40 628	0	16 583	24 108	0	0	0	- 63
Anna gjeld	25 372	9 445	188	18 652	0	12	10	- 2 849
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	7 815	2 782	3 125	3 011	0	16	202	- 1 322
Sum gjeld og eigenkapital	73 814	12 227	19 896	45 772	0	28	212	- 4 235

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.24								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	1 586	0	630	955	0	0	1	0
Netto andre driftsinntekter	424	239	62	98	4	33	7	- 19
Sum driftsinntekter	2 010	239	692	1 053	4	33	8	- 19
Driftskostnader	744	21	216	456	26	35	11	- 19
Resultat før nedskrivning på utlån	1 266	218	476	597	- 21	- 1	- 3	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	19	0	33	- 13	0	0	0	0
Resultat før skatt	1 246	218	444	610	- 21	- 1	- 3	0
BALANSE 31.12.24								
Netto utlån til og krav på kundar	64 412	0	15 693	48 719	0	0	0	0
Andre egedelar	12 665	12 160	3 364	4 014	0	23	213	- 7 101
Sum egedelar	77 077	12 160	19 057	52 733	0	23	213	- 7 101
Innskot frå og gjeld til kundar	38 597	0	15 908	22 848	0	0	0	- 159
Anna gjeld	30 852	9 468	273	25 679	0	9	17	- 4 586
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	7 628	2 692	2 876	4 206	0	14	195	- 2 356
Sum gjeld og eigenkapital	77 077	12 160	19 057	52 733	0	23	213	- 7 101

Note 3 Andre driftsinntekter

NETTO PROVISJONSINNTEKTER	31.12.25	31.12.24		
Betalingsformidling	83	85		
Verdipapromsetnad	26	29		
Garantiprovisjon	14	16		
Gebyr utanlandsbetaling	5	6		
Forsikringstenester	28	20		
Provisjon SB1 Boligkreditt AS	28	0		
Andre provisjonsinntekter	11	16		
Sum gebyr og provisjonsinntekter	195	171		
Interbankprovisjon	0	1		
Betalingsformidling	21	34		
Cash back kredittkort	0	5		
Sum provisjonskostnader	21	39		
Netto provisjonsinntekter	174	132		
NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT				
Netto vinst på valuta	18	17		
Netto vinst på finansielle derivat	0	- 203		
Netto vinst på utlån til verkeleg verdi	38	- 29		
Netto vinst på innskot til verkeleg verdi	2	- 8		
Netto vinst på sertifikat og obligasjonar	12	17		
Netto vinst på aksjar	55	181		
Netto vinst på finansiell gjeld	- 73	212		
Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi	51	187		
Netto resultat frå eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	86	72		
Netto resultat frå finansielle instrument og eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	137	259		
ANDRE INNTEKTER				
Eigedomsinntekter	1	1		
Eigedomsmekling	43	31		
Andre driftsinntekter	2	1		
Sum andre inntekter	47	33		
SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	359	424		

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

	4. kv. 2025 isolert	4. kv. 2024 isolert	2025	2024
Auke (+)/reduksjon (-) i individuell nedskrivning	1	39	49	16
Auke (+)/reduksjon (-) i modellbasert forventata tap	15	- 27	- 3	- 18
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	3	3	18	23
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivningar	2	2	3	3
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 1	0	- 3	- 4
Resultat av nedskrivning for perioden	20	16	64	19

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar

Ved berekning av forventa tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

